


OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

---

Dato	05.12.2022
Vår referanse	2022/94484-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

## Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 66 bnr. 1 - Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune, Arealplan viser til søknad om oppføring av husvogn på del av 66/1 Hundhammar Osterøy kommune. Tiltaket er tenkt plassert på ei hylle i terrenget nær avkøyring.



I våre arkiv er det vist til funn i området, men der plasseringa er noko uviss. Det vart i samband med anna arbeid på Osterøy den 02.12.2022 gjort ei kort synfaring på området. Arealet er i dag beite/dyrka mark. Området ligg ein 30-40 meter nedforbi Fv 5418 i eit kuppert, men noko bratt terreng.



På staden der det er tenkt sett opp ei husvogn vart det observert ei røys ytst på neset i bakken. Ut i frå terrenget og planane må det etablerast ein oppstillingsplass og vegtilkomst i området. Dette vil koma i konflikt med beitemarks som kulturlandskap. Når det i tillegg er gjort funn av fornminne i området er det og eit potensial for funn av automatisk freda kulturminne i området. Me vil difor rå i frå at det vert gjeve løyve til tiltaket med omsyn til landskap og kulturmiljøet.



Om Osterøy kommune likevel vel å gje løyve til tiltaket vil me varsla krav om arkeologisk gransking av tiltaksområdet jf. kulturminnelova § 8 1. ledd. Ei slik gransking må skje før det vert gjort tiltak i området. Kulturminnevernet må få avklart at det ikkje er automatisk freda kulturminne i grunnen og at røysa ikkje kjem inn under lovheimla vern. Når dette er kartlagt vil me kunne ta endeleg stilling om tiltaket er i konflikt med ytterlegare kulturminneverdiar i området. Dette må skje gjennom ei arkeologisk gransking i tiltaksområdet.

Areal for både oppstilling og veg må undersøkast. Tiltaket er av eit slikt omfang og art at det vil verta definert som mindre privat tiltak og dermed kunne kome inn under ordning med statleg kostnadsdekking. Me må slik få tilbakemelding i saka for å kunne setje i gang prosess med budsjettering og godkjenning av dette opp i mot statleg mynde.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Jostein Aksdal**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*